



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Postboks 7310
5020 BERGEN



Vår ref.: 2017/15319-2

Dykkar ref.:

Bergen, 18.09.2017

Uttale om skysstilhøva på Stord

Vi viser brev frå dykk av 06.09.2017 med førespurnad om å gjere greie for bussrutene på Stord i samanheng med dispensasjon til samordning med ungdomsbillett også sett opp mot oppslag i avisa Sunnhordland.

Avisoppslaget i Sunnhordland har ein todelt bakgrunn:

- Endringar i sonene på Stord i 2017-18
- Usemje med Fitjar VGS om samordning med ungdomsbillett

Det er sistnemnde som er hovudårsaka til at samordninga har fått merksemd i media på Stord. Ein gjennomgang av søknader ved skulestart avdekka at Fitjar VGS praktiserte å melde inn skuleskyss til alle elevar som har over 6 km til skulen, også dei som budde innafør dei definerte områda for samordning. Skyss har lagt til grunn at skulane ikkje skal melde inn desse elevane, og har ikkje hatt rutinar for å fange opp feil innsendte søknader. Når ein vart merksam på skulen sin praksis, gjekk ein gjennom alle dei innmeldte elevane frå skulen for 2017-18, og avviste gratis skuleskyss til i alt 91 elevar. Dette medførte sterke reaksjonar frå skulen, som opplyste at det har vore praksis i mange år at elevane på skulen får gratis skuleskyss. Skyss held fast på at elevane på Fitjar VGS ikkje kan få særskild behandling, og dette er bakgrunn for at saka har fått merksemd i media.

Ordninga med samordning av skuleskyss med ungdomsbillett vart innført i 2002 etter søknad til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Dei første åra var det ei frivillig ordning kor elevar kunne velje mellom gratis skulekort eller løyse ungdomskort til ein rabattert pris. Årleg søknad om dispensasjon vart først sendt til Kyrkje- og utdanningsdepartementet, og seinare overført til Fylkesmannen. I samband med iverksettinga av ordninga vart det utarbeidd kart over områda ein vurderte hadde eit kollektivtilbod som oppfylte vilkåra i forskrifta. I utforminga av karta vart det lagt til grunn at ein kan ta seg fram i ein «rimeleg» gangavstand til dette kollektivtilbodet.



I søknaden i 2002 heiter med mellom anna:

«Som grunnlag for å fastsetje kva område som skal omfattast av ordninga, slik det er teikna inn på vedlagte kart, har vi nytta ei liberalisert versjon av kriteria som vart godkjend av UFD i 2002. Det betyr at vi legg til grunn at følgjande stader (framleis) oppfyllar departementet sine krav:

- *Område innanfor 3 km frå frå stader med fleire daglege båt-, ferje- eller lokaltogstogg (tidlegare godkjend grense 6 km),*
- *område innanfor 3 km frå busstrasear med høg frekvens i fleire retningar (tidlegare godkjend grense 6 km), samt*
- *område innanfor 3 km frå busstrasear med høg frekvens i ein retning fram til tidlegast kl 2100 kvar dag (kl 2000 i søknaden).*

Søknaden gjeld ikkje område utan tenlege skuleruter, og heller ikkje transport av funksjonshemma elevar.»

I samband med handsaming av fylkesbudsjettet i 2005 vedtok ein å ta vekk ordninga med å kunne velje mellom rabattert ungdomskort og gratis skuleskyss. Det medførte at elevar som budde innafør dei ovannemnde definerte områda med utbygd kollektivtilbod ikkje lenger fekk val om gratis skolereisekort, men måtte løyse ungdomskort. Dette var og vanleg praksis i dei fleste andre fylkeskommunar som hadde ordninga.

Utforminga av kartet over områda som skulle bli samordna var i si tid med utgangspunkt i vilkåra i forskrifta og departementet si godkjenning. I 2017-18 kom ein til at eit styrka rutetilbod etter nytt ruteanbod i Sunnhordland, tilsa at områda Rommetveit og Sagvåg kunne takast med i område for samordning på Leirvik. Same vurdering vart gjort for området Ramsøy på Askøy. Samstundes tok ein ut områda i Sveio, som fekk eit svekka rutetilbod og vart vurdert som for dårleg.

Utover dette er kartet over områda for samordning som blei utarbeidd i 2002 i stor grad det same, og rutetilbodet kan ha blitt endra i løpet dei åra. Skyss tek gjerne eit møte med Fylkesmannen for ein nærare gjennomgang om saka.

Med vennleg helsing,
Oddmund Sylta
Direktør

Målfrid Vik Sønstabø
Leiar avdeling Trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.